

INFORMASJON

HYRDINGRØYSTA

NR. 2/2023

JUNI

Grunnlagt 1938

84. årgang



God sommer!



KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15 : Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:

Irene Muren Knapstad tlf: 992 47 006

Helgheim sokn:

Astrid Aardalsbakke Feldt

☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9-15

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjevevje

Sissel Vartdal

☎ 489 91 257

sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjevevje

Trond Herlåsund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085

Frå redaksjonen

Sommaren står for døra, og med den både ei hektisk tid og ferietid. Hektisk for dei som legg opp til ein feiande flott hage utan ugras og med prektige vekstar, og som i tillegg skal greie å presse inn ferie for seg sjølv, familie og venner. Hektisk for dei som skal samle grøde som skal gje mat til menneske og dyr gjennom ein vinter, og med det verdsbildet vi har i dag, er det viktigare enn nokon gong. Hektisk for arbeidsgjevarar som skal halde alt gåande som om ferie var eit framandord. Til det siste høyrer nok kyrkja. Alle som jobbar i kyrkja skal ha ferie, men ein skal greie å gjennomføre det tilbodet kyrkja har likevel. I år er det ekstra hektisk, for det står val både til sokneråd og til bispedømeråd og ventar når september kjem. Dei ventar ikkje lenger enn til den datoen som er fastsett, og då må alt vere klart, for vala er viktige.

Ferietid ser dei fleste fram til gjennom året, det å gjere det ein har lyst til og det å vere saman. For nokre blir det ei fin tid, for andre kan det bli ei utfordring.

Kyrkja merkar sommarferien på fleire måtar. Ein skal skaffe vikarar, folk som kan hende ikkje har vore i ei slik stilling før, så alt må godt førebuast. Ein ynskjer legge opp til gudstenester i naturen, og dei bør vere mogeleg å nå for dei fleste. Ein del aktivitetar må kvile litt om sommaren, både for at dei som nyttar dei skal føle at ein saknar dei, og at dei som driv dei skal få lada batteria, samt feriere. Men kyrkja vil, om det er ferie, vere tilstades så godt råd er for oss alle.

Så håpar redaksjonen at alle greier å finne den beste måten å få mest mogeleg utav sommaren på. Redaksjonen vil ynskje alle ein god og fin sommar.

Eit visdomsord

Det er mogeleg å eige for mykje,

Ein mann med ei klokke

veit kva tida er,

Ein mann med to eller fleire klokker

er aldri heilt sikker

Hugs bladpengane

Bladpengane er den viktigaste inntektskjelda vår. Om alle betalar kan vi lage eit både fyldigare og betre blad. Sjå meir på neste side.

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

ANDAKT

RAGNHILD JEPSEN biskop i Bjørgvin

Det er ikkje alltid så lett å seie kva som skal bli ein bra dag, eller kva som ved dagens slutt var med å gjere den god eller dårleg. Men mi erfaring er denne: Dei vanlege dagane er som regel dei beste.

Og det er bra – for det er dei det er flest av; dei vanlege dagane. Og det vanlege livet. Når vi sit ved kjøkenbordet med kaffikoppen. Når vi får gjere arbeidsoppgåvene våre. Når vi er omgjevne at det som er kjent og heimleg.

Det er kanskje lett å tenke at livet vårt skulle vore meir spennande; meir glamorøst, at det skulle ha større variasjon i seg.

Men kanskje skulle vi bli flinkare til å verdsetje det vanlege livet?

Det kan vere høgdepunkt i livet vårt som gjer at vi tenker: Gjev alle dagane hadde vore som denne! Men viss det var slik, hadde vi ikkje då vorte metta på ein måte?

Så er det dei mellom oss som vil seie: Det er altfor mange av dei vanlege dagane. Dagar som sniglar seg av garde. Dagar som så alt for godt let oss kjenne einsemd, rutine; smerte, at vi saknar nokon.

Eg trur vi må leite etter det som kan gje dei vanlege dagane verdi og meining, også dagane som ikkje er så lette og gode. Vi må leite etter – og finne – det som er lagt ned i oss av guddomleg kjærleik; eit gudsnarvær i livet vårt.

Vi må sjå etter spor av godheit, og finne det i oss og omkring oss som viser at vi er verdi-fulle der vi er; i det vi er sett til.

Eg trur at livet vårt har ei meining og at når vi går ut av tida, har vi sett eit fotavtrykk etter oss på jorda.

Kvar dag i veka er det menneske som kjem til kyrkjene våre, - til det heilage rommet - med sine liv. Med ulike historier og grunnar til å kome. Nokre av dei med takksemd og



Foto: Den norske kyrkja

glede; nokre med sår og tap, og nokre med von om at vi kan finne saman i gudsteneste og bøn. Ein skulle ikkje alltid tru at vi har noko til felles. Men det har vi! Vi blir tekne i mot og møtt av ein som står med utstrekke armar og seier:

Uansett kvifor du kjem, eller kva slags borer du kjem med: Du er venta. Du er velkommen. Dagen din skal fyllast med nåde!

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonseren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

(mellombels)
Hildegunn Huus
Ingrid Søyland
epost: hildegso@online.no
soyland.ingrid@gmail.com
Neste nr. kjem i oktober

FRISTAR:

for levering av stoff til dei neste utgåvene i 2023 er:
Hautnummeret:
- frist 12. september
Julenummeret:
- frist 21. november

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Dalen lyttar til elva

Eg spør; grundar
Frå kulpane
Frå det krinsande gulkvite skum
Dei gule steinane
Eg leikar ikkje hovud no
Ikkje eingong for sporven
I ei or ved breidda
Eg koblar pusten til graset
Til granene
Piler mot den opnande himmelen
Snart kjem Storebjørn nær
Det reisande rommet
Lokkar med bær

Kjartan Hatløy
Svarte lyn
Oktober forlag 1999

Møte med eit dikt



Sissel Hatløy. Foto: Siv Johanne Seglem

Denne gongen er det Sissel Hatløy som presenterer eit dikt ho er glad i.

Alle våre livsberande prosessar er sameinte med naturen. Misser vi dette, kunnskapen, perspektivet, er det ute med oss.

I ei tid der denne sameininga står på spel, kan Kjartan sine dikt få fram ei samkjensle med naturen.

Dette er ei livsviktig oppgåve, misjon, som kan ha berging, eller frelse, med eit gamalt kyrkjeleg ord.

Eg kjenner ingen andre diktarar, i Noreg, som er nærare dette enn Kjartan.

«Eg leikar ikkje hovud no»

«Det reisande rommet lokkar med bær»

Dette diktar ikkje ei kulisse for våre liv, her er tilstadevering.

Sissel Hatløy

Ingvar Vagstad ny avdelingsleiar for driftsavdelinga



Ingvar Vagstad, avdelingsleiar for driftsavdelinga

Tekst: SISSEL VARTDAL,
kyrkjevevje i Sunnfjord

Sidan eg starta i stillinga som kyrkjevevje i Sunnfjord, har eg hatt glede av å bli kjent med mange dyktige og engasjerte tilsette, og eg har fått innblikk i det flotte og varierte arbeidet som skjer rundt i kyrkjelydane våre. Eg har og sett på organisasjonen og korleis dei ulike delane heng saman. Vi er eit stort arbeidsfellesskap som tel 35 tilsette til saman. Som leiar er det

mi oppgåve å organisere arbeidet på den mest tenlege måten, slik at vi i Sunnfjord løyser oppgåvene og oppdraget vårt på beste vis.

Dette har resultert i nokre nye strekar i organisasjonskartet til Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. Der det frå før gjekk ei linje direkte frå kyrkjevevja til kvar enkelt av dei tilsette, har vi no etablert ei driftsavdeling. I denne avdelinga sorterer kyrkjeteinarar, kyrkjegardsarbeidarar og reinhaldarar. Ca 15 tilsette med

til saman 5,5 årsverk. Og dei har sin eigen avdelingsleiar; Ingvar Vagstad.

Etter 23 år i ulike oppgåver i Førde sokn, er Vagstad godt kjent med organisasjonen og med arbeidet som no høyrer til i driftsavdelinga.

Eg er glad Ingvar takka ja til denne utfordringa og ser fram til vidare samarbeid – no med driftsavdelinga.

Påskesamling

Andre påskedag samlast ein heil flokk jølstringar i alle aldrar, til song og kveldsmat. Både barnekoret og barnegospel song for full hals! All ære til dirigentar og lærarar som gir dei songglede og får dei til å halde fram å synge gjennom oppveksten.

Tekst og bilete:
INGRID SØYLAND

Så var det allsong, før heile møtelyden vart invitert inn i matsalen på kveldsmat. Og for eit matbord! Attåt den kjende, norske, var det mat frå Ukraina og Eritrea. Absolutt mat for ein kvar smak.

Den yngre garde fekk òg høve til å måle påskeegg, under kyndig rettleiing av ukrainske damer, nye innbyggjarar i området. Dei hadde også med seg tradisjonell påskemat frå heimlandet, flott pynta, og frå våre eritreiske landsmenn eit stort, velsmakande påskebrød.

Songglede, mat og triveleg prat sette eit fint punktum på påsken.



Barnekoret viste stor songglede.



Barnegospel hadde fine innslag.



Eit utsnitt av matbordet, m.a. med flott pynta kaker frå Ukraina.



Påskeegga vart pynta med stor innleving - og litt vaksnehjelp



Det var vær ein viking verdig på Drageidet pinsafta. Og med piskande regn og vind, og lite varme vart det ein tur hugse for oss som tok med på kyrkjelydsturen i år.

Vikinger på tur

At vikingane var nokre tøffingar på tur, er det vel ingen tvil om. Pinsafta var det jølstringane som var tøffe som vikinger!

38 jølstringar forlét Skei kl. 9.00 pinsafta, med Drageidet i Selje som mål. Med Vidar Feldt som kusk på ein fullvaksen Firdabuss, og Astrid Feldt som reiseleiar, vart det fort god stemning. På bussen var det nok meir motstykke til vikingane som rådde. Ingen sverdbruk, trælær eller kiving. På kyrkjelydsturen var det godt fellesskap, god prat, mat og drikke.

Målet med turen var Dragsidspelet og friluftsspelet «På

sverdeggja». Spelet har sin bakgrunn i at Olav Tryggvason i år 997 stemnde fire fylke til tings på Drageidet. Der møttest dei, kongshæren og bondehæren med menn frå dei fire fylka Firda, Sygna, Sunnmøre og Raumdøla fylke. Med seg har Kongen 'den nye trua'; kristendomen. Beskjeiden til dei heidenske vikingane er klar: Ta imot trua, eller kjemp ein dødens kamp mot Kongen sin sterke hær av kristne soldatar. Bøndene bøygde til slutt av og lét seg døype. Dermed var Firda, inkludert Jølster, kristna.

Turgjengen var først innoom bondemarknaden nede i Leikanger. Her var det geiter, sauer, hø-



Vinden roska hardt i regnjakkene, men spelet fenga publikum

ner, hestar, kaninungar og handverksprodukt.

Så bar det opp på Drageidet. Det er snau fjell så nær kysten. Her var det jølstringane fekk tole å halde ut som vikinger eit par timar. Kaldt, regnet piska. Vinden frå Stadthavet fekk regnkappene til å flagre. Det solide mikrofonstativet i opninga bles over ende. Primus motor for spelet, Margit Fløde, måtte stå og halde det.

Ein vikinglandsby, scene og amfi er bygd opp her i fjellet. Fine kostyme, rått, brutalt og godt spel. Men det enda heilt utan sverdrap, sjølv om det var nær på. Bøndene vart døypte. Den nye trua og kulturen kunne byrje å verke-

Menneskeverd for alle. Slutt med trælær, blodhemn og drap.

Attende i bussvarmen til Vidar var det framleis god stemning. Både vikingbøndene og jølstravikingane hadde komme frå prøvingane utan mein. Eg er viss på at dette dragsidspelet brenn seg ekstra fast i minnet til jølstravikingane. Men vi trur at det også kan vere ei fin oppleving å vere på spelet i godvær.

Det vert nok kyrkjelydstur neste år også. Det er velkomme med gode framlegg til turmål.

Vi treffest på bussen!
Steinar Dvergsdal



Vikinger med geiter.

Bispevigsling i Bergen 16. april 2023

Den første kvinnelege biskopen i vårt område heiter Ragnhild Jepsen.

Ho har vakse opp i Ål i Hallingdal. Ho har vore prest i Ål kyrkje, kapellan i Åmot kyrkje på Rena, kapellan og sokneprest i Nidaros, og kjem til Bjørgvin bispedømme frå stillinga som domprost i Nidaros. Her i nynorskland må vi ha lov til å glede oss over at ho er nynorskbrukar!

Følgjande omtale av hendinga er skriven av Prost Knut Magne Nesse:

Det var ei stor oppleving å få vere med på bispevigslinga i Bergen søndag 16. april. Mykje kan seiast om den hendinga. Både ordføraren i Bergen Linn Kristin Engø, kyrkjerådet sin direktor Kristin Gunleiksrud, og statsråd Kjersti Toppe understreka det historiske ved at ei kvinne no er valt og innsett som biskop i Bergen. Den første biskop i bispedømmet si historie som kan forast attende til Selja i 1068. Ei historisk hending, og den lokale kyrkja ønskte det og stemte fram dei tre kvinnelege kandidatane i si stemmegjeving. Preses Olav



Prost og soknerådsleiar var invitert til vigslingshelga og frå Sunnfjord prosti deltok: Framme frå venstre Sissel Sørebo frå Bjordal og Ortnevik sokn, Linda Ølmheim frå Hyllestad sokn, Astrid Årdalsbakke Feldt frå Helgheim sokn, Ingvil Forde Torvanger frå Kinn sokn og Irene Muren Knapstad frå Ålhus sokn. Bak frå venstre: Prost i Sunnfjord Knut Magne Nesse, Bjørn Harald Haugsvær frå Forde sokn, Bjarne Horsevik frå Gaular sokn, Jostein Gryte frå Askvoll sokn, Sturla Bell Fossen frå Kyrkjebo sokn og Jacob Nødseth, representant for Vestland Venstre.

Fykse Tveit understreka dette då han sa: «I dag blir linja frå dei første kvinner som vitna om den tomme grava trekt vidare bit til dette rommet. Vi har deira namn. No går ditt

namn inn i rekkja av biskopar som har hatt ansvar for at kyrkja er apostolisk, i tydinga at ho er sendt til verda med bodskapen: Jesus lever og kjem til oss!»

Prost og soknerådsleiar var invitert til vigslingshelga, og frå Jølster deltok Astrid Årdalsbakke Feldt frå Helgheim sokn og Irene Muren Knapstad frå Ålhus sokn.

Vigslingshelg i Bergen

Som soknerådsleiarar i Ålhus og Helgheim sokn takka vi ja til invitasjonen til vigslingshelga. Det er vi glade for. Det vart ei minnerik helg.

Laurdag var det lagt opp til ei inspirasjonssamling i St. Jakobs kyrkje. Der var det velkomst ved bispedømmerådet og ny biskop. Vi fekk møte gjester frå Cuba og tid til sosialt samvær med andre soknerådsleiarar. Eit interessant møte med Ung Katedral og bispedømme si ungdomssatsing.

Søndag var det vigslingsgudsteneste i Bergen domkyrkje. Ei høgtideleg og mektig stund der m.a. H.M. Kongen var til stades.

Etter gudstenesta var det lunsj i Håkonshallen med god mat, fine talar og underhaldning.

Vi fekk eit veldig godt inntrykk av den nye biskopen vår.

Irene og Astrid



Astrid og Irene ved Domkyrkja

SONGSTUND
OG ANDAKT

Klokka 14 i stova på
**VASSENDEN
OMSORGSSENTER**

Datoar for sommaren 2023:
20. juni, 4. juli, 1. august,
5. september.

Alle er velkomne!

Helsing sokneprest Silje
Sørebø og organist Rune
Molvik

Klokka 16.30 i stova på
SKEI OMSORGSSENTER

Datoar for sommaren 2023:
20. juni, 4. juli (nattverd),
1. august,
5. september (nattverd).

Alle er velkomne!

Helsing sokneprest Silje
Sørebø og organist Rune
Molvik

TIDEBØN og
OPEN KYRKJE

Kvar tysdag er det
Tidebøn kl. 11:00 og
Open kyrkje 10:00-
13:00

Vassenden kyrkjesenter.
Ei stille stund med rom
for ro og ettertanke
Unntak: Når det er
gravferd.

Kyrkjevalet 2023



Datoar og stad for førehandsrøysting

Periode for digital/
fysisk førehandsrøysting
er frå 10. august til 6. og
8.september.

Nasjonalt tidspunkt for føre-
handsrøystinga er 31. august
kl.15:00 - 20:00. Sokna vel at det
blir i Førde.

Minst to timar i veka for føre-
handsrøysting 15/8, 22/8, 29/8
kl.14:30 - 16:30, etter tidebøn
5/9 kl.12:00 - 14:00.

Sokna vel å legge førehands-
røystinga i institusjon til når det
er førehandsrøysting for kom-
mune og fylkestingsval der.

Røysting i samband med
gudsteneste 27.august, i Helg-
heim kyrkje kl. 12:00 - 13:00, og
i Åhus kyrkje kl.15:00 - 16:00

Eigne valurner på Skei og Vass-
enden på valdagen.

Lister til soknerådsvalet i september

Valliste for Åhus sokn


Nr.	Namn	Fødselsår
1	Magne Kvinge	1967
2	Ingeborg Slåtten	1955
3	Annette Slåtten	1982
4	Solveig Magnhild Lesto	1952
5	Inger Johanne Klakegg	1955
6	Bernt Kjøsnes	1969
7	Ingvill Støfringstøl	1966
8	Børge Gjesdal	1972
9	Mihiret Abebe Lemma	1984
10	Eva Solveig Sunde	1960
11	Alice Nesje	1972

Valliste for Helgheim sokn

Nr.	Namn	Fødselsår
1	Hildegunn Huus	1952
2	Steinar Dvergsdal	1955
3	Bjørn Anders Steinsund	1963
4	Norvald Nedrebø	1953
5	Marit Vallestad	1964
6	Aud Førde	1965
7	Astrid Indrebø Sunde	1950
8	Kjellaug Bromseth	1952
9	Camilla Klakegg	1986
10	Brita M. Distad	1955
11	Erna Dvergsdal Krøke	1968



DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedøme



Gje di stemme ved kyrkjevalet!

Er du ein av 3,5 millionar medlemer i Den norske kyrkja?

Når du stemmer i kyrkjevalet, støttar du arbeidet til kyrkja, og du er med på å bestemme kven som skal leie ho framover. Alle medlemmer som fyller 15 år i år eller er eldre, har stemmerett. På dei neste sidene får du ein kort presentasjon av kandidatane som stiller til val i Bjørgvin bispedøme.

Meir informasjon om kandidatane finn du på www.kyrkjevalet.no



Kyrkjevalet

10.- 11. september 2023





DEN NORSKE KYRKJA
Björgvin bispedøme

Kyrkjevalet

10.- 11. september 2023

I Björgvin bispedøme er det fire lister ved bispedømerådsvalet 2023: **Bønnelista**, **Frimodig kyrkje**, **Nominasjonskomiteens liste** og **Open folkekyrkje**. Listene er presenterte alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge. Kandidatar med **utheva skrift** får 25 prosent stemmetillegg.

Bønnelista

Bønnelista vil vidareføre den kristne tru og tradisjon som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformasjonen. Bibel og vedkjennning er og skal vere kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jord, med medlemmer som har Jesus som Herre, og med lokalstyrte kyrkjelydar med leiarar som let seg leie av Den Heilage Ande og som søker Gud i bøn og tilbeding. Bli kjend med kandidatane på www.bonnelista.no




1



Sigurd Grindheim
(1968)
Professor, Stord

2



Solaug Anita Apelthun Sæle
(1951)
Økonomisjef, Fjell

3




Finn Indrebø
(1948)
Pensjonist, Askøy

4



Trygve Johannes Hellesøy
(1938) Pensjonert prest, Hellesøy

5



Torid Morsund Øygard
(1999)
Student, Bergen

6



Magdalena Steinhovden
(1947) Pensjonist, Naustdal

7



Anna Helena Bruun
(1974) Regnskapfører, Rådal

8



Mahdi Alipor Esfahani (1979)
Butikkmedarbeidar, Førde

9



Anders Myrene
(2002)
Student, Naustdal

1



Gunnar Innerdal
(1983) Førstemanuensis, Øygarden

2



Per Hilleren
(1959)
Bonde, Sogndal

3



Marthe Hauge
(1965) Kreftsjukleiar, Skilbrei i Sunnfjord

4



Egil Morland
(1950)
Professor emeritus, Øygarden

5



Geir Møller
(1957)
Pensjonist, Bergen

6



Karen Sofie Uthaug
(1998)
Student, Alver

7



Hilde Kayser Rohde
(1955)
Pensjonert musikar, Bergen

8



Annlaug Risa
(2003)
Student, Balestrand

9



Torstein Backer-Owe
(1959)
Rådgjevar, Odda

Frimodig kyrkje

Vi ønsker ei kyrkje som er trufast mot Guds ord, open og evangeliserande. Målet er å nå dagens menneske med evangeliet og utrusta til å følgja Jesus i kvardagen. Kyrkja blir bygd nedanfrå og gudstenestene er pulsslaget. Vi vil gje den lokale kyrkjelyden større ansvar, redusera sentralstyring og byråkratisering og gje rom for kyrkjelydar med ulik profil. Vi vil stimulera til levande fellesskap nær Jesus og nær menneske. Vi ønsker å styrka arbeidet med søndagsskule, trusoppplæring, bibelundervisning og Alphakurs, evangelisering og omsorgsarbeid. Vi vil arbeida for trygge og sunne rammer



for born og unge i ei grenselaus tid. Frimodig kyrkje ønsker å endra valordninga i kyrkja bort frå eit polarisert partisystem. Ein nærare presentasjon av kandidatane våre finst på www.frimodigkirke.no/bjorgvin

Open folkekyrkje

Sidan starten i 2014 har Open folkekyrkje gjort det vi kan for at Den norske kyrkja har vorte meir open for eit mangfald av menneske med ulike liv og livsrøynsler. Vi har mellom anna sytt for at også likekjønna par skal kunna gifta seg i kyrkja si. Open folkekyrkje ynskjer ei kyrkje som alle skal kunna leva heile livet i, der alle skal kjenna seg velkomne, sedde og stadfesta. Kyrkja har ikkje A- og B-medlemer – dåpen er einaste medlemsvilkår. Open folkekyrkje vil at kyrkja skal utviklast vidare som ei open, inkluderande og demokratisk folkekyrkje. Vi vil arbeida for at folk meir og meir skal kjenna at dei høyrer til i kyrkja, slik at den kristne trua vert halden levande og er viktig i den einskilde sitt liv. Kyrkja skal vera open for alle, fremja menneskeverdet og motarbeida diskriminering. www.apenfolkekirke.org



Nominasjonskomiteens liste >>>

Kyrkjelydane si felles liste er sett opp av ein nominasjonskomitee med eitt medlem frå kvart prosti, valt av sokneråda, i tillegg til ein representant frå ungdomsrådet. Kandidatane er forslag frå sokneråd, ungdomsråd og nominasjonskomiteen sjølv. Komiteen har mellom anna vektlagt kandidatar som er opptekne av at kyrkja sitt arbeid skal vera lokalt forankra, i sokna. Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil me arbeida til det beste for den lokale kyrkja. Les meir om nominasjonskomiteen sine lister og dei enkelte kandidatane på www.nominasjonskomiteen.no



1
Dag Sele
(1964)
Lege,
Stord



2
Turid Fjose
(1969)
Lege,
Voss



3
Amalie Gjengedal-Eide
(1996)
Lektor, Bergen



4
Arne Jostein By
(1948)
Pensjonist,
Stryn



5
Kristin Jordheim Bovim
(1955)
Lege Bergen



6
Dag-Olav Bjørøy
(1957)
Seniorkonsulent,
Øygarden



7
Hege Feet Askvik
(1957)
Pensjonist,
Alver



8
Helge Dyrkolbotn
(1964)
Avdelingsleiar,
Austheim



9
Amalie Ulevik Bjerk
(1997)
Student, Bergen



10
Ingeborg Watne Flatland
(1979)
Lærer, Førde



11
Leif Steinar Alfsvåg (1959)
Høgskulelektor,
Stord



12
Elise Skjærven Aas
(2005)
Student, Bergen



13
Rune Garmann
(1952)
Pensjonist,
Masfjorden



14
Torild Teige Strand
(1959)
Lærer,
Solund



1
Karl Johan Kirkebo (1950)
Pensjonist,
Bergen



2
Oddny Miljeteig
(1954)
Pensjonist,
Bergen



3
Live Bakke Nydal
(2004)
Student,
Florø



4
Rune Johan Skjælaen
(1954)
Pensjonist, Bergen



5
Anne Vierdal
(1996)
Trusopplærer,
Sveio



6
Eiel Holten
(1968)
Seniorrådgjevar,
Bergen




7
Malene Mortensen
(2001)
Sekretær,
Sotra



8
Håkon Glatved-Prahl
(1956)
Journalist, Alver



9
Mari Skjerdal Lysne
(1985)
Stipendiat, Sogndal



10
Vegard Flatebø Trættemberg
(2002)
Lagførar, Bergen



11
Inger Johanne Gullbrå
(1949)
Pensjonist, Voss



12
Lars Hana
(1955)
Pensjonist,
Askøy



13
Signe Eikenes
(1963)
Prosjektleiar,
Leikanger



14
Andreas Gravdal
(1981)
Formidlar,
Bergen



15
Ove Sverre Bjørdal
(1971)
Statsautorisert
revisor, Bergen



16
Torill Jørgensen Frøise
(1972) Rådgjevar
Askøy



17
Christian Emil Haugen
(1990) Lege,
Bergen



DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedøme



Nyttig å vite om valet

Kvifor stemma ved kyrkjevalet?

Som medlem bidreg du til fellesskap, glede, livsmeistring og meining for deg sjølv og andre, til dømes gjennom dåp, bryllaup, babysong, barne- og ungdomsaktivitetar, gudstenester, kor og konsertar. Du bidreg også til å ta vare på vår felles kulturarv i form av kyrkjebygg og tradisjonar, og du er med på å støtta det sosiale arbeidet til kyrkja for menneske i glede og sorg, einsame eller aktive i fellesskap. Ved å stemma bidreg du til at kyrkja er ei demokratisk folkekyrkje.

Kven har stemmerett?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i kyrkja. Det er ikkje andre krav til stemmerett enn alder og medlemskap. Sjå medlemskapen din på www.kyrkja.no/medlem

Kven blir valt i kyrkjevalet?

Du stemmer lokalt på **kandidatar til soknerådet** der du bur. Hovudoppgåva til soknerådet er å utvikla arbeidet til kyrkja i lokalsamfunnet, frå gudstenester og barne- og ungdomsarbeid til kultur og sosialt arbeid og diakoni. Som regel er det berre ei liste ved soknerådsvalet.

Du stemmer regionalt og nasjonalt ved å stemma på medlemer til **bispedømerådet** og **Kyrkjemøtet**.

Bispedømerådet er det regionale styringsleddet i Bjørgvin (Vestland fylke). Rådet jobbar strategisk med å samla og formidla kunnskap om utvikling i kyrkjelydane, driva utviklingsprosjekt og fremje samarbeid mellom kyrkjelydane. Ved bispedømerådsvalet er det fire lister.

Kyrkjemøtet er det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråda samla ei veke kvart år. Kyrkjemøtet vedtek planar og strategiar for kyrkjemusikk, sosialt arbeid (diakoni), miljøarbeid, kulturarven til kyrkja, ordningar for gudstenester og organisering av kyrkja.

Korleis stemmer du i kyrkjevalet?

Du stemmer på same tid som ved kommunestyre- og fylkestingsvalet. Kyrkjevalet skjer i eit lokale rett i nærleiken av kommunevalet. Det er òg mogleg å førehandsstemma.

Enkelt å førehandstemma digitalt

Du kan førehandsstemma når og kvar du vil på nett frå 10. august til og med 6. september 2023. Skann QR-koden under eller besøk kyrkjevalet.no. Hugs at det er hemmeleg val! Les meir om kandidatane til begge val på www.kyrkjevalet.no

Godt val!

Kyrkjevalet

10.- 11. september 2023





GJESTESKRIBENTEN:

Eit attersyn på utviklinga i kyrkja



Eit av kyrkjeverja, Magna Lunde, som tok til på deltidsstudie då det vert vedteke å opprette fellesråd i kyrkjene, ser tilbake på utviklinga i kyrkja.

Eg hadde min første arbeidsdag som kyrkjese­kretær på kyrkjekontoret i Gaular i januar 1992. Kyrkjese­kretærstillinga var 50 prosent, og det var det ikkje kyrkje­verje i kommunen. Sommaren 1992 var det skifte av sokneprest i Gaular. Den nye soknepresten, Øystein Skauge, kom frå stilling som sokneprest i Meløy. I Meløy var det tilsett kyrkje­verje, og han meinte at kyrkje­verje måtte det vere. Han fekk kommunestyret med på at stilling som kyrkjese­kretær vart endra til kyrkje­verje, og at den vart auka opp til 70 % stilling frå 1993.

Den store formelle endringa for kyrkja kom med ny kyrkjelov og gravferdslov. Lov­endringane tok til å gjelde frå juli 1996 og fullt ut med verknad frå 1997. Lokalt i Gaular vart det endring av organisasjonen ved at det i tillegg til kyrkje­verje vart tilsett kyrkjese­kretær i 40 prosent stilling. I 1997 hadde Gaular tre sokneråd i tillegg til fellesrådet. Arbeids­oppgåvene mine som kyrkje­verje vart no flytta over frå sokneråda til fellesrådet. (Dei tre sokneråda i kommunen vart slått saman til eitt sokneråd i 2012).

Det nye lovverket innebar ikkje berre endring lokalt med auka stillingsressurs. Den innebar også ei stor endring ved at ansvaret for tilsette, økonomi, bygningar og gravplassar vart ført over frå kommunen til fellesrådet. Men kommunane hadde framleis ansvaret for å løyve midlar til kyrkja. Då denne lovendringa kom, hadde Gaular ein fordel ved at vi lokalt hadde hatt fokus på kyrkje­verja sine arbeids­oppgåver, og ikkje minst arbeidet med å få på plass gravkart og gravregister. Då kravet kom

om at det skulle vere kyrkjeverje i kvar kommune, var det i nørområdet berre Jølster og Fjaler som ikkje hadde tilsett kyrkjeverje.

Med bakgrunn i den store endringa av lovverket starta Kirkens arbeidsorganisasjon (KA) eit heilårsstudium som gjekk over to år på Diakonhjemmets høgskolesenter i Oslo. Denne utdanninga vart oppretta for å kvalifisere dei som alt var kyrkjeverjer til å kunne meistre dei nye arbeidsoppgåvene som no var vart overført frå kommunen til fellestrådet. Kyrkjeverje Irene Fløde, som då var tilsett i Fjaler, kontakta meg og spurte om eg ville vere med på denne utdanninga til KA. Hildegunn Huus var tilsett som kyrkjeverje i Jølster, og eg tok kontakt med henne. Også ho vart med på å ta kyrkjeverjeutdanninga i regi av KA. Denne utdanninga var svært godt bygd opp. Vi hadde dyktige forelesarar, i all hovudsak tilsette i KA, så det var to lærerrike år. Kunnskapen eg tileigna meg her har for min del vore heilt avgjerande for å klare å utføre arbeidet som kyrkjeverje. Samstundes som eg gjennomførte utdanninga hadde eg familie med to små born i tillegg til arbeidet som kyrkjeverje, så 1998 og 1999 var to krevjande år. Men vi tre som tok denne utdanninga hadde det så triveleg saman, at det vart eit minne for livet.

Det å ta til i ei stilling ingen har hatt tidlegare, inneber både læring og feiling. Arbeidet som kyrkjeverje har i tillegg så mange ulike ansvarsområde. Eg tenker derfor at det i ein liten organisasjon nær sagt er umogeleg å finne ei kyrkjeverje som er fagleg dyktig på alt det som ein er ansvarleg for. Kunsten i ein hektisk kvardag vert då også å ta tak i dei arbeidsoppgåvene der ein gjerne både manglar kunnskap og ein ikkje har den største interessa. Det er også viktig å klare å skape gode relasjonar til alle dei tilsette, slik at vi kan «trekke lasset» saman.

Kyrkja er framleis organisert slik at prestane har ein annan arbeidsgjevar enn dei andre kyrkjelege tilsette. Det er ofte fokusert på at det med to arbeidsgjevarlinjer er eit problem. Ein felles organisasjonsstruktur vil nok vere enklare og meir økonomisk å drifte. Men i arbeidet mitt som kyrkjeverje har samarbeidet på tvers av desse to strukturane ikkje vore noko problem. Eg har derimot følt at prestane er gode samarbeidspartnarar, og dei har alle vore gode rådgjevarar og støtte når vi har hatt vanskelege saker som skulle løysast.

I arbeidet som kyrkjeverje er ein også hengig av å ha gode støttespelarar i fellestrådet, sokneråda og frivilljuge medarbeidarar. I Sunnfjord er det mange gode og dyktige personar som legg ned mykje av si fritid for at den lokale kyrkja skal fungere.

I 2018 var samanslåing av dei fire kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal eit tema. Folkeavrøystinga synta at det var fleirtal for samanslåing av desse fire kommunane. Denne endringa innebar ikkje berre ei endring for kommunane, men også for kyrkja. Det vart no to år med mykje arbeid. Samstundes med samanslåingsprosessen skulle den ordinære drifta av det gamle fellestrådet halde fram inntil samanslåinga var gjennomført. Arbeidet med å slå saman dei fire fellestråda hadde mykje til felles med det arbeidet eg tidlegare utførte i Gaular, då vi fekk ny kyrkjelov og gravferdslov. Det var arbeid med nye reglement knytt til tilsette, nye kyrkjegardsvedtekter, nytt økonomireglement og nye betalingsvedtekter. Men i tillegg kom samkøyringa av rekneskapane til dei fire fellestråda. I denne prosessen arbeidde eg først med dei nye kyrkjegardsvedtektene. Men eg gjekk over til arbeidet med å slå saman dei fire rekneskapane. Dette var eit krevjande arbeid, då ingen av rekneskapane var ført på same måten. Men vi fekk det til, og fekk laga

eit budsjett for Sunnfjord kyrkjelege fellestråd som var i samsvar med økonomiforeskriftene.

Overgang frå eit lite fellestråd til eit stort har både positive og negative sider. Dei negative sidene er at avstandane gjer at det går meir av arbeidstida til køyring når ein som tilsett skal utføre dei ulike arbeidsoppgåvene. I tillegg føler eg at vi mistar noko av det lokale kunnskapen og kontakten med dei lokale brukarane. Fordelane vil nok på sikt vere at det overtid kan byggast ein organisasjon der ein kan få tilsette som har «spisskompetanse» på dei ulike fagområda kyrkjeleg fellestråd har ansvaret for.

I dei åra eg har vore tilsett i kyrkja har det vore ein kontinuerleg endring i organisasjonen. Noko av dette kjem av at den lokale kyrkja tidlegare var «styrt» av kommunen, til at den i dag har vorte sjølvstendig. Den siste lovendringa kom i 2021, der DNK fekk ei ny lov «Kirkeordning for Den Norske kyrkje», noko som innebar at ordninga med statskyrkje vart avvikla.

Men etter å ha arbeidd i privat næringsliv i 10 år, 29 år for fellestrådet i Gaular og 2,5 år som seniorrådgjevar for Sunnfjord kyrkjelege fellestråd, valde eg sommaren 2022 å pensjonere meg. Eg angrar ikkje på det valet og gleder meg stort over kvar dag eg og mine næraste er heldige å ha god helse. Samstundes ser eg tilbake på eit arbeidsliv som har vore både travelt og gjevande, og eg har med meg mange gode minne frå desse åra.

LITT FOR ALLE, MEST FOR BARN

På søndagsskulen

Søndagsskulelæraren har akkurat fortalt om kor fattige Josef og Maria var. Han viser fram eit bilete av Jesu fødsel. Då kjem det frå ei lita jente: Men råd til å fotografere seg, det hadde dei!

Tenner

På toget sit ein sur, gammal, tannlaus mann og ei ung mor med eit lite barn som sutrar og gret.

– Du skulle heller vore heime med eit barn som syter slik. Viss det manglar han noko, kunne eg bli smitta.

– Det skal du i så fall berre vere glad for, svarer mora.

– Han held på å få tenner.

Fattigdom

– Pappa, er det sant som presten sa, at det finst menneske som er så fattige at dei ikkje har kle å ha på seg?

– Ja, guten min, det er dessverre sant.

– Men kva skal dei med den knappen du la i kollektskåla då?

Utan førarkort

Politimannen:

– Kan eg få sjå førarkortet ditt?

– Du tok det jo frå meg sist veke. Kor mange trur du eigentleg eg har?

Himmel og kjellar

Per skulle i kjellaren og hente poteter, men då han kom til kjellardøra, var ho stengd. Ein mann kom forbi, hørde guten banne, og sa:

– Du må ikkje banne, Per. Då kjem du ikkje til himmelen.

– Eg skal ikkje til himmelen heller. Eg skal i kjellaren og hente poteter til mor.

Rykte

– Veit du kvifor Vårherre har gitt oss to øyre, men berre ein munn?

– Nei.

– Det er for at vi skal fortelje vidare berre halvparten av det vi høyrer.

BARNETEATERET «Kirkerottene og Viggo i tårnet» vitja Vassende kyrkjesenter laurdag 25 mars.

Tekst: HILDEGUNN HUUS Bilde: TORIL ØYE

Barneteateret Kirkerottene hadde for eit år sidan ei forestilling «Sauen som blei borte – og funnen igjen» på Vassenden kyrkjesenter som fekk god respons. Difor valde sokna i Jølster å ynskje årets forestilling velkomen og. Det var noko færre framømte enn i 2022, men likevel eit godt framømte. Forstillinga fenga både born og vaksne, der Viggo i tårne var hovudpersonen som hadde problem/mistydingar som måtte løysast. Problemet vart løyst med tekstar som gav mening og dokketeater som gjorde forestillinga lett og forstå for borna og vaksne.



Betalinginformasjon		GIRO		Betalingsfrist	
BLADPENGAR 2024		Underskrift ved girering			
Brukar du brevgiro kan opplysningane her først over på nøytralblankett.					
Kr 350,00 for dei bur utan for Jølster					
Kr 250,00 for dei som bur i Jølster					
Betalt av		Betalt til			
		Hyrdingsrøysta			
		Jølster kyrkjekontor			
		6847 Vassenden			
Belast konto		Kvittering tilbake			
Kundeidentifikasjon (KID)		Kroner		Til konto	
		Øre		Blankettnummer	
		< >		<7627340431>	
		3730 30 09225			



Kaffistund før siste innsjurt.

Ny rett på menyen

22. april, dagen før årets konfirmantfest, samlast trugne dugnadsfolk på kyrkjesenteret på Vassenden. Ca. 130 påmelde konfirmantar med foreldre og besteforeldre er ikkje småtteri å føre!

Tekst og bilete: INGRID SØYLAND

Målfrid var sjef for høvet. Ho kvidde seg litt, for tacosuppe var eit nytt tilskot til menyen

på kyrkjesenteret. Fem menn og åtte kvinner møtte opp for å dekke bord, kutte grønnsaker, steike kjøttdeig og klargjere dessert. Det var fullt køyr i to timar, så ein fortent kaffipause, og ferdiggjering og opprydding til slutt. Arbeidet går med liv og lyst når vi er mange! Så var det å vente på «dommen». Smakte tacosuppa som forventa? Jaudå, Målfrid og dei gode hjelparane kan puste letta ut. Etter festen har vi fått stadfest at festlyden var godt nøgd med suppa, så kanskje menyen på kyrkjesenteret vert utvida med tacosuppe?



Gunmar og Normann steiker kjøttdeig, mens Målfrid passar på.

Konfirmasjon 2023

Tekst: HILDEGUNN HUUS

Søndag 7. mai var det konfirmasjon i Helgheim kyrkje. Ein flott konfirmasjonssøndag med overraskingar. Etter at presten hadde fullført preika og velsigna konfirmantane, skjedde noko uventa. Konfirmantane hadde bedt om å få ordet i kyrkja, og presten gav dei høve til det. Vi som var til-

høyrarar og presten vart nok litt overraska. Tre av konfirmantane gjekk fram til talerstolen, greip mikrofonen og let følgjande komme ut til kyrkjelyden:

– Vi er veldig taknemlege for den konfirmasjonstida du har gitt oss.

– Ikkje minst at du har halde ut med oss, for vi er ikkje akkurat den lettaste gjengen å halde styr på.

– Vi er og veldig taknemlege for leiren vi fekk med Naustdal, som gav oss nye venner.

– Sjølv om vi ikkje alltid høyrer etter i gudstenestene dine, må du vite at vi sette ekstremt stor pris på disse ni månadane vi har vore med deg. Og vi alle har lært noko og hatt det vedig kjekt på same tid.

– Så vi håpar at du har hatt det like kjekt som oss, og at vi ikkje

har gjort ting for vanskeleg for deg. Vi håpar og at du får det kjekt med dei som kjem no etter sommaren. Men du er ikkje heilt kvitt oss ennå, hugs at vi har ikkje avklart kven som er best i volleyball av oss og Naustdal, så det må vi få til.

Ålhus sokn: Konfirmantar Vassenden kyrkjesenter 14. mai, og konfirmantar Ålhus kyrkje 18. mai



Oppe til venstre: sokneprest Silje Sørebo, Sigrid Støfringsdal, Heidi Kjos Sunde, Johan Olai Hylderås Gustausen, Ella Margrethe Opheim Grønful, Mathias Vasstein Lund, Andrea Årset, Annbjørg Jeronimo Eikås, Mathias Bell Kjosnes, Mattis Grønli Ødegaard, Bendik Andersen Håland. Nede til venstre: Synne Vasstein, Margrete Slåtten, Alexander Sjøstad Løset, Nikolai Gjesdal, Sjur Høyvik, Amalie Heggheim Aamot, Ingrid Rognebakke Svidal.

Helgheim sokn: Konfirmantar Helgheim kyrkje 7. mai



Oppe til venstre: Stina Seime Sunde, Anita Klakegg, Maria Østebo Sandal, Kajus Degutis, Martinus Røyseth Forde, Jakob Stigson Sunde, Heine Årdal, Nathaniel Styve Erikstad, Oline Margrethe Heggheim, sokneprest Silje Sørebo. Framme til venstre: Ole Jacob Strand Håheim, Eskil Fonn Nilsen, Tage Tefre Kalstad, Rakel Holsen, Idrey Jen Son Bergheim,

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!

Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

952 00 433



EIN SMAK AV TRADISJON

frå Anne Grete og Hilde

Søgnesand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP MARKED SKEI

Måndag–fredag: 9–21
Laurdag: 9–20

Tlf: 57 72 83 77
skei@marked.coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804



Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no



Støfvingdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no



6847 Vassenden



www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibuss



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook



ALF HELGHEIM & CO AS

6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no
www.alfhelgheim.no

Canon

Canonringen
Vi kan Canon

FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no


SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Kyrkja er vår heim



JULI

5.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 02.07

Helgheim kyrkje kl.11:00

Gudsteneste med dåp og nattverd

6.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 09.07

Ålhus kyrkje kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

7.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 16.07

Helgheim kyrkje kl.19:00 (mrk tida)

Gudsteneste med nattverd

9.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 30.07

Sunnfjord Museum, Movika kl.11:00

Friluftsgudsteneste

AUGUST

10.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 06.08

Vassenden kyrkjesenter kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

11.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 13.08

Paulsvatnet kl.11:00

Friluftsgudsteneste med Paulsmusikk av felespelar Jon Oddvar Kandal (Køyring mot Førde (Førs) (dersom dårleg vær blir gudstenesta flytta til Ålhus kyrkje).

12.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 20.08

Helgheim kyrkje kl.15:00 (mrk.tida)

Generasjonsgudsteneste

13.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 27.08 kl.11:00

Helgheim kyrkje

Gudsteneste med presentasjon av 2023 konfirmantane

13.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 27.08

Ålhus kyrkje kl.14:00

Gudsteneste med presentasjon av 2023 konfirmantane

SEPTEMBER

15.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 10.09

Vassenden kyrkjesenter kl.11:00

Gudsteneste

16.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 17.09

Skei , Speidarplassen kl.11:00

Familiegudsteneste Hausttakkefest

17.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 24.09

Ålhus kyrkje kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

OKTOBER

18.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 01.10

Helgheim kyrkje kl.19:00

Gospelkveld

19.SØNDAG I TREEININGSTIDA

Søndag 08.10

Ålhus kyrkje kl.11:00

Gudsteneste med nattverd

Det kan bli endringar i gudstenestelista. Sjå i laurdags Firda.

Det kan vere dåp i nesten alle gudstenester, ta kontakt med Kyrkjekontoret om ynskje om dåp.

Nattverd er det mange av gudstenestene.

Det kan bli endringar i gudstenestelista, sjå i laurdags-Firda. Det kan vere dåp på nesten alle gudstenester, ta kontakt med kyrkjekontoret om ynskje om dåp. Nattverd er det på mange av gudstenestene.

Døypete



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

07.04 Sigve Støringstøl Hole

07.04 Marie Barlund

07.04 Ludvik Davidson Hamar

28.05 Nellie Fossheim Tytingvåg

Vassenden kyrkjesenter

26.03 Tobias Hole Rasmussen

02.04 Amalie Foslid,

døypet i Hakallegarden

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

02.04 Emilia Nataas Urheim

09.04 Henrik Helmen

16.04 Oskar Myhre

04.06 Olav Helmen Danielsen

Vigde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

13.05 Sanna Therese Hole

og Stian Støringstøl

Helgheim kyrkje

08.04 Helga Fjellstad Holt

og Sindre Dvergsdal

03.06 Iris Beate Hammerset Egge

og Jørann Kalland

24.06 Susanne Refvik Nymoen

og Even Vereide Dvergsdal

Gravlagde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje/Ålhus kyrkjegard

22.04 Hallgjerd Berg

Vassenden kyrkjesenter/
Vassenden gravplass

12.04 Roy Petter Thorsen

14.04 Jon Arthur Gjesdal

26.04 Solveig Grimsbø

HELGHEIM SOKN

14.04 Steinar Sunde

16.05 Bergfrid Helgheim

02.06 Joar Kjøsnes



Tårnagentane ordna opp til gudstenesta

Fjernkontrollen til kyrkjeklokkene hadde forsvunne, og om vi ikkje fann den, kunne vi ikkje ringe inn til gudstenesta på søndag. Tårnagentane måtte i aksjon!

Tekst og bilde:
KAREN ELISE ERIKSTAD.

3.-4. juni var 13 barn frå Helgheim og Álhus sokn samla i Helgheim kyrkje for å delta på Tårnagentsamling, der dei skulle utforske kyrkja og løyse ein del oppdrag. Det dukka opp konvoluttar med ulike oppdrag, og ved kvart fullførte oppdrag fekk Tårnagentane utdelt bokstavar, som til slutt kunne rope kor fjernkontrollen var.

Dei fekk bla. omvising i klokketårnet, prøve å blåse i gamle orgelpiper, lære om nattverd og utforske og lære om dei mange symbola som finst inni og utanfor kyrkja.

Heldigvis klarte dei oppdraget og gudstenesta var redda.

Ein agent kan ikkje løyse oppdraga på tom mage, så det var dekt «bord» i midtgangen av kyrkja, der vi sat på golvet, slik Jesus og disiplane gjorde. Vi kosa oss med bakst frå foreldre, og frukt som Coop Prix Skei hadde sponsa oss med. Spar Jølstraholmen hadde sponsa oss med drikkeflasker.

Søndagen hadde Tårnagentane pynta kyrkja med ballongar og anna bursdagspynt til gudstenesta. Vi feira kyrkja sin bursdag, som var i pinsa. Tårnagentane deltok i gudstenesta med songar og dramaforteljing. Dei hadde også lært ein eigen Tårnagentsong, som dei framførte. Til slutt fekk Tårnagentane utdelt diplom for gjennomført oppdrag. Desse har Alf Helgheim & co vore med og sponsa oss med tidlegare.

